

PLEIE OG OMSORG I HEIMEN / HEIMESJUKEPLEIE

Heimelsgrunnlag

Helse og omsorgslova § 3-2, pkt 6 a), Pasient og brukarrettighetslov § 2-1 a), Forskrift om kvalitet i pleie og omsorgstenestenem, Forskrift om verdig eldreomsorg i tillegg til reglar knytt til Forvaltningslova

Føremål med tenesta

- Å yta nødvendig helsehjelp i heimen
- Å førebyggja forverring av tilstand/situasjon for å redusera eit pleiebehov
- Ved å ta i mot helsehjelp i heimen kan du bu lenger heima sjølv om hjelpebehovet er stort

Kven kan få tenesta

- Akutt eller kronisk sjuke/funksjonshemma, uavhengig av alder eller økonomi, som har behov for sjukepleie i eigen heim.
- Tildeling etter ei total vurdering av eigne ressursar og helsetilstand. Vert vurdert under vegs.
- Alle som bur eller oppheld seg i Ulvik

Innhaldet i tenesta

- Hjelp til eigenomsorg eller deler av eigenomsorg
- Hjelp/retteleing ved ulike sjukepleiefaglege tiltak etter nærmare avtale som: handtering av medikament, injeksjonar, sårstell, stomistell, kateterstell, blodprøvetaking der brukar ikkje greier koma seg til legekantoret, m. m
- Pleie/ behandling ved livsavslutning i eigen heim i nært samarbeid med pårørande og fastlege
- Formidling/utprøving av hjelpemiddel ved behov
- Hjelp ved utløyst tryggleiksalarm og behov for akutt hjelp
- Heimespl. er ei døgnteneste som vert organisert frå sjukeheimen. Det er redusert bemanning i helger og høgtider som gjer at kun hjelp av nødvendig medisinsk karakter vert prioritert.

Kva du kan forventa av oss som tilsette

- Du skal verta møtt på ein høfleg og respektfull måte
- God fagleg kompetanse og forsvarleg og nødvendig helsehjelp
- Du skal få hjelp som er tidfesta anten til føremiddag eller ettermiddag
- At tilsette etterlever krav knytt til teieplikt
- Informasjon, råd og rettleiing om dine rettar i høve til lovverk

Kva forventar me av deg som brukar

- Du må vera innstilt på å installera hjelpemiddel i heimen/ommøblera enkelt-rom i heimen
- At du fylgjer opp med eigentrening/aktivitet og utfører oppgåver du kan klara sjølv
- At du er innstilt på at heimespl. avsluttar enkelt-opdrag når ein ser at du er i stand til å klara

- deg sjølv – evt. ved bruk av hjelpemiddel
- Du/pårørnde må syta for lett tilkomst til husværet ditt – med utvendig lys
- Snø skal vera rydda og vegen strøydd når forholda krev det
- Hundar skal stå i band eller opphalda seg utanfor det området der personalet skal arbeida
- Dersom du røyker – ber me om at du viser omsyn til at personalet skal ha eit røykfritt arbeidsmiljø og god utlufting før personalet kjem
- At du kan ta i mot studentar/lærningar. Du har lov å takka nei, – men me håpar at du er positiv til våre framtidige helsearbeidarar

Praktiske opplysningar

- Heimesjukepleien har kontor ved Ulvik sjukeheim
- Sjukepleiefagleg ansvarleg for tenesta er avd. sjukepleiar i open omsorg
- Heimesjukepleien er for tida gratis

Saksgang ved søknad om heimesjukepleie

- Det må føreliggja signert eigensøknad frå brukar.
- Søknad skal sendast Pleie og omsorgsavdelinga i Ulvik
- Repr. frå pleie og omsorgsavdeling vil føreta vurderingsbesøk i etterkant av søknad / tlf.kontakt.
- Tildeling og omfang av hjelpebehovet vert vurdert ut i frå søkjar sitt funksjonsnivå og hjelpebehov. Kartleggjingsskjema vert fylt ut saman med brukar.
- Vedtak / evt. førebels svar skal føreliggja innan 3 veker etter skriftleg søknad

Klage på vedtak

- Finn du grunn til å klaga på vedtaket – må klagen vera skriftleg og du må grunngi kvifor du klagar og oppgi kva du ynskjer annleis
- Klagefristen er 4 veker frå du mottek vedtaket og klagen skal sendast avd. pleie og omsorg
- Viser elles til vedtak på tenesta – der du finn orientering om saksgang i ei evt. klagesak.

Tlf. til Ulvik sjukeheim: 56 52 70 80

Adresse: Avd. pleie og omsorg, Ulvik Herad, Prestegarden 14, 5730 Ulvik